



AFA har no laga ein fin utstilling av produkta sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**AFA i Uskedalen hadde i fjor den nest beste resultatgraden av verna bedrifter i Sunnhordland, melder Kvinnheringen. Resultatgraden var 7,25 prosent og leiar Tor Vidar Sæle er nøgd.**

Best av verna bedrifter i regionen i 2007 var Bømlø Industrier AS med eit årsresultat på 1.319.000 kroner medan årsresultatet til AFA var 283.000.

Sæle seier til avisa at balansen mellom økonomi og produktivitet kan vera ein vanskeleg kabal der leiinga må halda fokus på kvar enkelt arbeidstakar for ikkje å la produksjonspress hemma føremålet med bedrifta. AFA er ingen institusjon, men ein arbeidsstad som tilrettelegg arbeid for folk som treng det. Sæle understrekar at økonomien til bedrifta ikkje er det viktigaste.

Bedrifta får den største støtta frå Staten gjennom NAV medan kommunen medverkar med 30 prosent av den statlege summen. Dei statlege midlane går til administrasjon medan omsetjingsinntektene går direkte ut som lønsinntekter.

- Skilnaden mellom oss og større bedrifter er at ingen oppdrag er for små for oss. Me fyller tomrommet til større firma, Hovudmålet vårt er å unngå presset i det generelle yrkeslivet, seier Sæle.

Han nemner spesielt kontrakten med Stavanger Elektro om varmepumpehusa som firmaet sel over heile landet. Men folk i Kvinnherad kan også kjøpa dei direkte frå AFA.

Av Ola Matti Mathisen